

## OSTERØY KOMMUNE

Plan

### SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035

#### 1. Informasjon om forslagsstiller

Namn:	Adresse: Olav Kyrresgate 40 5015 Bergen	Tlf:97043714	Epost:araknes@online.no
Andreas Raknes			

#### 2. Informasjon om eigedom

Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar
110	13	Andreas Raknes og Kari Tveiten
110	111	Andreas Raknes og Kari Tveiten

#### 3. Informasjon om arealbruk idag

Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan:

LNF

Kva vart arealet nytta til tidlegare?

Del av småbruk tidlegare, fritidseigedom dei siste 50 åra.

Kva er bruken i dag?

Fritidseigedom


#### 4. Informasjon om ny arealbruk

Kva ny arealbruk er ønska?

Spreidd LNFR

Kva er bakgrunnen for endra arealbruk:

Lettare tilpassa neverande og eventuell ny bygningsmasse for å halde fram med staden som fritidseigedom for neste generasjon, i eit område med lang historie som blanda fritidsbustader og fastebuande, og på same tid førebyggje attgroing, og halde ope den ca halve delen av området som har vore åker og slåttemark. Kommunalt vatn og kloakk ligg innanfor heile eigedomen, og vidareføring for tilknyting til nabologatet er under utvikling av nystifta Nordstølen Vasslag (sjå vedlagt kart) Dei 2 parsellane ligg langs kommunal veg, og parkeringsplass er opparbeid på 110/111 parallelt ved vegen. På området står no eit hus frå 1915 (ca42 kvm, og ei løe frå ca 1950).



## OSTERØY KOMMUNE

### Plan

35 kvm. Vatn er tilknytt hovedhuset via Raknes Vassbyggjarlag. Det dyrka landskapet er halde ope etter slutten på sauehald på 60talet. Til «bruket» høyrer og ein båtplass med redskapsbod i Johamn.

Beskriv omfang av planlagd arealbruk både på land og i sjø:

Me vil halde hus som er her, mest mogeleg som dei er , slik dei ligg i tunet. Men då husa er svært små, kan me tenkje oss med tida å gjere om løa til fritidsbustad, utan å endre særleg på utsjänad. I tillegg kan me tenkje oss eit , lita hytte på 30 -40 kvm, lagt lageleg i terrenget i forhold til dei andre husa i tunet. Ved ombygging av løa treng me i tillegg eit mindre enkelt bygg, redskapsbod, til hageredskap og anna. Kanskje kan hovudhuset med tida formast til fast heilårsbustad.

Tilkomst til veg er kort, I det nye anlegget til Nordstølen Vasslag er det teke høgd for å tilknytte fleire hus. I det heile vert det minimalt inngrep i terrenget, og det gamle kulturlandskapet kan haldast ved like, og staden på same tid som før, bidra til eit levande bygdemiljø.

Vi vurderer å dele opp området i 3 tomter for dei tre bygningane, med felles bruk av båtplass.

### 5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk ≈ 1:1000. Underlagskart kan printast ut frå <http://nordhordland.avinet.no/> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggast ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

### 6. Alle arealinnspele må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad X\_\_\_\_\_ NEI \_\_\_\_\_

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

Legge til rette for vekst i lokale sentre og bygder, og mogeleg for ungdom å verte fastbuande

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:


JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad X\_\_\_\_\_ NEI \_\_\_\_\_

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

Det vert eit område som bygger godt opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, og tek vare på gamalt kulturlandskap.

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

ingen



OSTERØY KOMMUNE

Plan